

Innspel til ekspertgruppe barnefattigdom frå Hjelmeland kommune.

Desse har bidrege til innspelet: Annbjørg Breiland- SLT og folkehelsekoordinator, Hanne Bjelland Håland - Barnevernleiar, Kristin Kostøl Helgaland - leiande helsesykepleiar, Håvard Østhus kommunalleiar oppvekst, Camilla Flem - kommunalleiar helse og omsorg, Marta Ommundsen – helseleiar, Siri Viga - frikjøpt tillitsvalgt og plasstillitsvalgt barnehage, rektor Frank Bjørkhaug, Jorunn Foss – NAV-leiar, og dei tilsette på dei ulike einingane.

Konklusjon frå Hjelmeland kommune er at vi føreslår:

- Lovfesta miljøterapeutar i barne- og ungdomsskular.
- Læreordning for vaksne med språk og kompetanseheving i bedrift så snart som mogleg, med jobbgaranti for alle som kan jobbe.

Innspel fordelt på dei fem problemstillingane:

1. Politikk

Auke stønadsnivået på offentlege ytingar. Ikkje redusere yting under 25 år om dei har barn. Introstønad er så låg at to foreldre på introduksjonsstønad med barn i alderen 6-17 år og ensleg forsørgar med introduksjonsstønad med barn i alderen 6-17 år, nå ligg under barnefattigdomsgrensa i Rogaland. Par/einslege med små barn 0-5 år ligg over barnefattigdomsgrensa (60% av medianinntekt). Fleire flyktningar med større barn, vil dermed fort føre til auka barnefattigdomstal.

Gjer ting enklare, for komplisert å finne ut av og forstå til dømes strømstøtta, bustønad, pasientreiser (det gjeld forøvrig også bompengoordningar for å få rabattar). Samle alle offentlege utbetalingar til ein dato i månaden.

I dyrtider som no, skyver alle kostnaden nedover til sluttbrukar, det er dei siste det svir mest for, som ikkje kan fakturere vidare til nokon. Dette ansvaret bør stat, kommune, straumselskap, bedrifter, bustadutleigarar og matbutikkar vere seg bevisst, og halde att for å fordele belastninga utover. Større del av kostnaden bør tas av utbytte til eigarane.

I august 2022 innførte Hjelmeland kommune gratis barnehage, erfaringer så langt frå frikjøpt tillitsvalgt og plasstillitsvalgt barnehage: *«Kan ikkje sei at det har endra noko for bhg sin del at den er gratis. Ikkje fleire barn dette bhg året i forhold til tidligere. Fattige familier har alltid fått dekt bhg plass, så det er ikkje synleg endring i auka barnetal pga gratis bhg».*

Frå helsesykepleiar: *«Kommentar til gratis barnehage om det er flere barn i barnehagen, så er det vel slik at tilnærmet alle barn i Hjelmeland går i barnehage, vi opplever fra helsestasjonen at det er en del som tar ut lengre ulønna permisjon før barna begynner i barnehagen (fra ulike samfunnslag), fordi nå trenger foreldrene ikke å bekymre seg for at de må betale for en plass de ikke bruker. Det er heller ikke nødvendig å si opp plassen i august for de som skal begynne på skolen, tidligere var det betaling for hele august måned. Vi opplever at foreldre er veldig fornøyde med gratis barnehage.*

Barnehagen har ikke vært gratis lengre enn fra august 2022 så vi kan vel ikke konkludere helt ennå.»

2. Prioritering av sektorområde

Vi vil prioritere **tidleg, målretta, tverretatleg innsats** og **miljøterapeutar i skulen**. Vi har oppretta «Laget rundt barnet» og det treng å styrkes. God kvalitet på kompetansen i barnehagane, rett kompetanse, korleis barn har det i barnehagen er svært avgjerande for korleis barnet får det vidare i skuleforløpet. Ein må fange opp problem i skulen tidleg for å unngå drop-out. Medvirking frå elev/ungdom i forhold til frafall i skolen, bli sett, hørt og møtt.

Miljøterapeutar i barneskulen og ungdomsskulen vil være eit riktig steg, her må ein tenke heile menneske i sine system og gruppedynamikk som oppstår, fange opp behov, vanskar og sosiale utfordringar tidleg. Det må være miljøterapeutar utdanningskrav barnevernspedagog eller relevant helse- og sosialfagleg bachelor. Det krev kompetanse og eit fagmiljø å gjere denne jobben, og desse må ikkje være knytt opp til enkelt-elevar. Som rektor på ein skule i Hjelmeland seier: *«Miljøterapeut i skulane vil utan tvil kunne vera med å følgje opp elevar. Alt spørst jo korleis denne ressursen skulle vore fordelt, og kva som var «mandatet», men behovet for meir «miljø» arbeid i skulen er absolutt aukande. Miljø arbeid «stjel» undervisningstid frå pedagogane.»*

Frikjøpt tillitsvalgt og plasstillitsvalgt barnehage: *«Miljøterapeut på skule vil være nyttig i styrking av oppvekstvilkåra til barn som veks opp i fattige familiar. Kompetanseheving av kompetansen fagarbeiderne besitter, vil også være nyttig i formidling og forståelsen av at jobb eller utdanning kan forebygge fattigdom. Viktigheten av samfunnsinkludering for både barn og foresatte.»*

Tidleg, målretta og effektiv hjelp for psykiske vanskar for barn og unge som slit er også viktig.

Sist, men ikkje minst er **arbeidslivet** viktig. For å komme ut av barnefattidomsstatistikk må foreldre få jobb, her er fleire hinder, blant anna utdanning. Det stilles ofte store krav til utdanning eller fagbrev, og det tek lang tid for dei som ikkje går ordinær skuleveg ut i arbeid. Kan vi gi ei læretid med lønn for vaksne, der dei kjem kjapt i gang og får ein jobbgaranti i enden til alle som kan jobbe og ei lønn til å leve av? Forplikte bedrifter som får anbud/tillatelsar til å ta inn eit visst antall vaksne lærlingar med god oppfølging av opplæringskontoret i læreløpet? Legge til rette for god norskopplæring for foreldre frå ulike land, ikkje berre flyktningane.

3. Fordeling av ansvar og tiltak for oppfølging av barn i fattige familiar.

Kven har ansvar for oppfølging av barn i fattige familiar? Det er vi usikre på.. NAV kan inviteres inn i tverrfaglig samarbeid rundt en familie om det er aktuelt, dei NAV allereie følger opp har NAV et ansvar for å hjelpe vidare ut av fattigdom. Utover det, kan det være miljøterapeutene som nevnt i punkt 2? Kan det følgje med midler med miljøterapeutenes ansvar slik at det kan betales for klær, utstyr, fotball-cup'er, ferie osv på en smidig måte? Mange opplever ein stor barriere med å bli henvist til NAV.

Frå barnevernleiar: *«Me i barneverntenesta legg særleg merke til dette med høve til å ta sertifikat. Særleg i ein kommune som Hjelmeland. Det å kunne kjøre bil og disponere bil har ein enorm forskjell når det gjeld oppfølging av borna. Til dømes på fritidsaktivitetar og sosial integrering. Sertifikatet gjev og mykje større moglegheit for å komme ut i arbeid og dermed ut av fattigdom. Arbeidet med desse familiare og barna bør tydeleg ansvarsfordelast. Slik at det er tydeleg kven og kva eining som har ansvar for kva. Slik at ein sikrar systematisk oppfølging».*

4. Rett politikk til rett tid.

Me manglar verkemidlar for å forebygge generasjonsuførhet. Kan miljøterapeutar og læreplass for vaksne som nevnt i punkt 2 være et verkemiddel også her?

5. Grupper av barn og familiar:

I Hjelmeland vedtok vi i 2015 ei lokal variant som heiter **Fritidskort**. Erfaringa er at dette er eit godt kompenserande tiltak, for at alle barn og unge skal få mulighet til å delta på lik linje med jamnaldringar, men det løyser ikkje fattigdomsproblematikken. Det viser seg i statistikkane våre vedlagt under, der størsteparten av mottakarne har hatt kortet i 6 år (vedvarande låginntektsfamiliar) og kjem frå landgruppe 3. Ein mogleg feilkjelde på denne statistikken, er at vi aktivt samarbeider med flyktningtenesta for å tildele Fritidskort til flyktningfamiliar som kjem. Andre må ta kontakt sjølv, eller via andre instansar dei har kontakt med. Fritidsaktivitetar oppleves som svært dyrt, sjølv om vi har Fritidskort. Det er mykje utstyr som trens, cup'er, køyring og dugnad, sjølv om vi har utstyrslager (frilager). Vi ønsker oss også gratis tilbud om bruk av svømmebasseng.

Med vennleg helsing

Hjelmeland Kommune

29.03.2023


Jorunn Foss

NAV-leiar

Vedlegg: Lokal statistikk om Fritidskort

Hvor lenge har du hatt fritidskortet totalt

- 1 år 5%
- 2 år 9 %
- 3 år 14%
- 4 år 19%
- 5 år 24%
- 6 år 29%



Hvilke landgrupper er familiene fra – tall 2022/2023

- **Landgruppe 1:**


omfatter alle vesteuropeiske land, det vil si land som er med i det «gamle» EU (før 2004) og/eller EØS og EFTA, samt Canada, USA, Australia og New Zealand.

- **Landgruppe 2:**

består av de elleve nye EU-landene i Øst-Europa (EU-medlemmer i 2004 eller senere): Estland, Latvia, Litauen, Polen, Tsjekkia, Slovakia, Ungarn, Slovenia, Kroatia, Bulgaria og Romania

- **Landgruppe 3:**

består av resten av verden, det vil si resten av Øst-Europa, Afrika, Asia (inkludert Tyrkia), Sør- og Mellom-Amerika og Oseania



NAV

Kilde: laga av Gunn Hausken, NAV Hjelmeland på bakgrunn av utdelte fritidskort i Hjelmeland i perioden 2016-2023.